

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

Vår dato: 25.03.2019
Vår ref: 2019/991 - 7797/2019 /
Dykkar ref:

Omorganisering av Statens vegvesen

Det blir vist til Statens vegvesen si pågåande omorganisering, og rapporten «Fra regioner til divisjoner». Stord kommune vil fremje Stord og Sunnhordland som ei svært god plassering av funksjonar i det omorganiserte Statens vegvesen.

Regjeringa har eit mål om brei geografisk spreing av statlege arbeidsplassar. Stord kommune er regionsenter og den 25. største bu- og arbeidsmarknadsregionen i landet. Likevel har ikkje staten lokalisert nokon nasjonale funksjonar i kommunen. Stord har i tillegg den tredje lågaste delen statstilsette blant bu- og arbeidsmarknadsregionane¹. Dette tilseier at Stord og sunnhordlandsregionen vil vera eit naturleg val for lokalisering av nye statlege arbeidsplassar.

Sunnhordlandsregionen har omfattande ingeniørkompetanse og erfaring frå store byggeprosjekt, med verksemdene Kværner, Wärtsilä og Leirvik som dei største aktørane. Lokale aktørar er sentrale i elektrifiseringa av ferjeflåten i landet, og regionen har verdslieiane kompetanse innan berekraftig teknologiutvikling, mellom anna gjennom klynga NCE Maritime Cleantech som også på oppdrag frå SIVA har bygd opp det norske katapultsenteret «Sustainable Energy».

Ved å leggje funksjonar til Stord, vil tilgjengeleg kompetanse i regionen bidra til utvikling av ingeniør- og teknologimiljøa i Statens vegvesen. Det kan særleg liggje til rette for at divisjon veg, inkludert landsdekkande spesialistoppgåver innanfor geofag, laboratorium og bru, vert lagt til Stord kommune, eller andre miljø som har ansvar for større utviklings- og byggeprosjekt.

E39 går gjennom Stord kommune, og kommunen ligg svært sentralt for utbygginga av ferjefri kyststamveg og framtidig aust-vestsamband (E134), i tillegg til fleire lokale prosjekt i Sunnhordland.

Den sentrale plasseringa og eigen lufthamn gjev effektiv kommunikasjon til byane på Vestlandet og Oslo. Innan ein time reisetid ligg Sunnhordland og store delar av Haugalandet, og ein kan difor rekruttera arbeidstakarar frå eit område med over 140 000 innbyggjarar.

Det er ledige lokale og areal tilgjengeleg, og Stord kommune vil leggja til rette for ei vellukka etablering.

Vegdirektoratet vil i løpet av våren føreslå framtidig organisering og lokalisering. Me visar til at fellesnemnda ønskjer ein desentralisert struktur, og vonar at Hordaland

¹ Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser (2017), s. 16

fylkeskommune ved fylkesutvalet i fyrstkomande møte vil støtta Stord og sunnhordlandsregionen sitt kandidatur.

Med helsing

Gaute Straume Epland
ordfører

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:
SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
STATENS VEGVESEN

Borggata 57
Brynsengfaret 6A

STORD
OSLO